

## Møtereferat

Dato: 22. april 2016

Emne:	<b>Oppsummering av skulebesøk Odda vgs 22. april 2016</b>	
Til stades:	Frå skulen: Øyvind Bjørkevoll, rektor Turid B. Hauso, ass rektor Thor Johansen, ATV, Utdanningsforbundet Jane Myhre, avdelingsleiar Geir Rønningen, avdelingsleiar John Opdal, avdelingsleiar Astrid Elise Skåle Hansen, nestleiar i elevrådet Vetle Grønsdal, styremedlem i elevrådet  Frå opplæringsavdelinga: Annbjørg Laupsa, regionsleiar Gerd Kjersti Ytre-Arne, seniorrådgjevar	
Forfall:		Sak: 2015/1090-124
Møtetid:		Møtestad: Odda vgs

**Møteleiar:** Annbjørg Laupsa

**Referent:** Gerd Kjersti Ytre-Arne

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbaset vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane gjennomført skulebesøk ved Odda vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen ved rektor og deltakarane rundt bordet presenterte seg.  
Annbjørg gjekk gjennom hensikta med møtet og kvifor vi har skulebesøk

### B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområder

1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid.

### VFL «Vurdering for læring» - Temaet blei presentert av Turid Hauso

Skulen er med på Mook gjennom høgskulen på Lillehammer. Resultata som skulen har gjort blei lagt fram på Dei gode døma.

Det var litt ulik interesse frå dei ulike avdelinga i starten, men leiinga avgjorde at alle skulle vere med. Opplegget har blitt endra underveis, mellom anna meinte lærarane at videorar kunne dei sjå heime og bruka tida på skulen til samarbeid. No har dei tverrfaglege grupper og det ser ut til å fungere. Viktig at avd leiar følgjer opp dei tilsette, spør korleis det går osv, men det er ein balansegang mellom oppfølging og kontroll. Erfaringar frå lærarane er varierte, men dei har etter kvart blitt meir positive fordi dei ser at det fungerer i klasserommet. Tid er alltid ei utfordring, og det er viktig å få ein felles driv. No er det refleksjonsmodulane og det er ein viktig milepæl. Ein modul er utsett til hausten for å få med seg alle lærarane.

Elevundersøkinga viser at elevane er positive. Elevane seier at det er litt ulikt frå lærar til lærar, men det blir stadig betre. Dei har fagsamtaler kvar månad. Elevane synest at det å få vite kva dei må bli betre på gjer at dei kan jobbe meir konkret og meiner dei blir fagleg sterkare på denne måten. Dei likar også den direkte kontakten dei får med lærarane.

Lærarane meiner at det har vore litt ulik kvalitet på MOOK-kurset, men at det er godt at dei på denne måten har fått ein del gode diskusjonar. Det er nyttig at alle lærarane hører det same og ikkje minst samstundes. Nokre lærarar har vegra seg for å legge ut på nett, men det har leiinga løyst ved at dei kan leve til dei.

Leiinga meiner det har skjedd noko på skulen, både i klasserommet og som organisasjon. Alle er blitt meir medvitne på korleis dei vurder elevane sitt arbeid og det er svært positivt.

### **Firkantmøter**

Skulen starta med firkantmøter i fjar etter ein modell frå Åssiden. I starten blei det ein del diskusjon om einskildlærarar i desse møte, men det har dei fått slutt på no. Dette er ikkje arenaen for dette, men det er viktig at elevane lærer korleis dei skal gå fram dersom dei opplever konflikt. Leiinga meiner dei hindrar ein del utenforskap når dei har desse møta. Det er godt med eit «uformelt» møte med elevane og det er godt at elevane også må ta ansvar for delar av klassemiljøet.

Elevane meiner møta er effektive og at dei blir høyrd samt at synspunkta deira blir tatt på alvor. Prøveplanar blir no lagt ut på nettet i god tid. Ei mobbesak blei stoppa gjennom eit slikt møte. Elevane er opptatt av at alle skal ha det bra.

### **Omvendt undervisning**

Om lag 10 lærarar er no engasjert og dei kjem frå ulike fag og frå fleire programområde.

### **Entreprenørskap**

Er blitt ein del av organisasjonskulturen og skulen er stolt av resultata dei oppnår. To av bedriftane ved skulen skal til NM i neste veke. Skulen må ikkje vere redd for fremje seg sjølv når det gjelder dette.

På yrkesfag har det vore vanskeleg å få til det til, men dei jobbar med å også få med yrkesfaga.

### **Internasjonalisering**

Skulen jobbar mykje med internasjonale prosjekt og mellom anna så har smedklassen no vore i Tsjekkia. Dei har fortsatt avtale om praksisplassar for elevar på yrkesfag i Tyskland. Det kan vere eit problem at elevane er under 18 år fordi dei då må ha med seg nokon frå skulen og dette tar tid.

Skulen har òg partnarskapsavtalar med fleire land og dei har nye søknader inne. Fleire lærarar ønskje meir informasjon og leiinga har planar om ein workshop for å få ut informasjon.

## 2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa.

*Vi ser at det er fleire elevar som har bestått 1. termin samstundes som det er færre elevar som sluttar. Kva tiltak har skulen sett inn og kva fokus har de hatt som kan bygge opp om dette resultatet. Kva meiner skulen er viktig framover for å oppretthalde dette resultatet.*

Fråværsoversikt har fått større fokus og det er møter mellom kontaktlærarar og rektor med jamne mellomrom. Alle er tett på og det er ein del av skulen sitt elevsyn. Leiinga meiner at det blir spanande å sjå korleis 10 % grensa vil stå ut, og om denne vil vere eit hinder for skulen i å halde på dei gode rutinane dei har bygd opp.

Elevane meiner det er viktig at skulen fortsett med det praktiske arbeidet og at det er viktig at lærarane er tett på. Det er også viktig at skulen fortsett med å vektlegga trivsel. Det er fint at det er lett å bli kjent på tvers av klassar. At skulen brukar tolærarsystem er svært bra. Det er ein liten skule der lærarane kjenner elevane, og dei blir derfor sett. Det som skjer i kantinen og helsefremjande skule er viktige tiltak. Bra at både lærarar og elevar er saman i kantina.

FYR arbeidet og prosjekt til fordjuping er gode tiltak som har gjort at opplæringa er blitt meir relevant for elevane.

Skulen har hatt ein god prosess med å utvikle kva elevsyn skulen har. Tolærarsystemet og fagteamet er noko skulen vil ta med seg vidare. Lærarane er inne i ein god prosess for å utvikle seg vidare. Leiinga ser at det er viktig at dei ikkje gløymer elevmedverknad i utviklingsarbeidet.

## Punkt B2 - Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa: *Skulevandring som eit tiltak for å få «ein kollektiv skule»*

Må planleggast inn kalenderen. Det er litt ulikt kor flinke dei har vore, nokon følgjer opplegget som dei har laga for at det skal bli mest mogleg likt. Uansett så må det alltid vere rom for ulikheit frå person til person. Refleksjonen i etterkant er viktig, noko av observasjonane kan bli tatt vidare opp i firkantmøta.

Lærarane er litt ulik i synet, men det er meir godtatt og dei føler ikkje lenger at det er kontroll. Viktig at skulen held på dette ikkje minst fordi elevane då ser at også leiinga er opptatt av korleis dei har det. Det er ulikt korleis elevane oppfattar skulevandringa. I nokre klassar meiner dei at dei ikkje endrar oppførsel, mens i andre klassar blir elevane stille. Begge elevrepresentantane er samde om at læraren er den same og dei merkar ingen forskjell.

Leiinga håper dei skal kunne komme inn i klasserommet utan at det er avtalt på førehand, men dette er nok vanskeleg å få til på stusp.

Kjekt å sjå at nye lærarar ser på dette som eit positivt tiltak og at dei ber om hjelp i klasserommet. Dei ønskjer også kollegabasert rettleiing. Delingskultur er viktig i et slikt opplegg.

### **Punkt C – Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring**

Med utgangspunkt i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

Overgangane for å sikre auka fullføring

Ungdomsskule – vidaregåande skule

Mellom nivåa i vidaregåande opplæring

Mellom vidaregåande skule og arbeidsliv

Skulen har eit godt samarbeid med helsesøster og rådgivarar. Skulen overgangsmøter med ungdomsskulane, og dei har god kontroll på dei eventuelle vanskar elevane har med seg. Elevane meiner dei har fått god informasjon om skulen og tilbodet dei har. Elevane som var til stade på møtet bestemte seg etter at dei hadde vore i praksis på skulen.

No er det 9. klassane som kjem på open dag og skulen har planar om å invitere til informasjonsmøte med føresette.

Skulen stiller spørsmål med korleis dei kan styrke rådgivartenesta i grunnskulen, og korleis fylket si opplæring av rådgivarar er.

Overgangen frå vg2 til lærepllass er ei kritisk fase, også i Odda. Skulen er flink til å finne praksisplassar til elevane. Næringslivet i Odda treng lærlingar, men det er ofte fag som ikkje elevane vel. I kva grad skal skulane sjølv ta ansvar for å skaffe lærepllassar, kva med opplæringskontora?

Annbjørg informerte om at HFK skal sette i gang eit prosjekt der skulane blir invitert til å ha eit tettare samarbeid med arbeidslivet om elevane når dei kjem ut i lære.

### **Nytt styringsdokument – prosessen vidare**

Leiinga har presentert styringsdokumentet på eit fellesmøte og føler at den blei godt mottatt.

Lærarane meiner leiinga har på for mange utviklingsområde og meiner dette gjer at dei misser fokus. Derfor er det bra at det i det nye styringsdokumentet er meir opent og lar skulen bestemme sjølv kva dei vil drive med.

Skulen vil fortsette med MOOK og vil prøve å finne små prosjekt som gjer at lærarane får utvikle det dei har lært her. Utfordringa for leiinga er å finne ut korleis lærarane skal forplikte seg i utviklingsarbeid, og korleis skulen skal forankre eventuelle prosjekt som kjem nedanfrå.

### **Kva sit du igjen med og kva vil du konkret ta med deg vidare i arbeidet.**

- Skulen har fått formidla det dei driv med på ein god måte og kjenner at dei er på rett spor.
- Viktig å halde trykket oppe på dei prosjekta dei driv med.
- Skulevandring er noko dei kan utvikle vidare.
- Viktig å bli endå meir kjent med elevane samt ha eit godt elevfokus vidare.
- Elevane har fått sagt det dei ville og meiner dei har blitt høyrd.
- Positiv tone og godt å få diskutert skule i ro og mak.
- Viktig å halde trykket oppe på det som gjer at elevane på Odda fullfører og består. Viktig å halde enda meir fokus på det 4-årige løpet.

**Anna**

Viktig å få stabilitet i skulebruksplanen og det må vere rom for at det er svingingar i søknadane til skulen. Dette må meldast inn i samband med den nye planen som kjem i mai.

Skulen vil melde desse problemstillingane inn i samband med høyringa til skulebruksplanen.

Bergen, 25. april 2016

Annbjørg Laupsa  
regionsleiar

Øyvind Bjørkevoll  
rektor